

Rapport medlemsundersøking 2016



Innhold:

1. Innleiing	Side
1.1. Hensikt med undersøkinga.....	3
1.2. Spørjeskjema.....	3
1.3. Gjennomføring.....	4
1.4. Medlemsdeltaking - svarprosent.....	4
2. Resultat spørsmål om medlemstilbud gjennom Norsk Bygdesagforening	
2.1. Forsikringstilbud frå Skogbrand.....	5
2.2. Tilbod på produksjon av eiga nettside.....	5
2.3. Sagbladet elektronisk eller i papirformat.....	6
3. Resultat bedriftsinformasjon	
3.1. Foretaksform.....	7
3.2. Antal årsverk.....	7
3.3. Lønsutgifter.....	8
3.4. Omsetning.....	9
4. Resultat informasjon om aktivitet	
4.1. Innkjøp av tømmer.....	12
4.2. Uttak eigen skog.....	12
4.3. Leigesaging.....	12
4.4. Innskjøp trelast.....	12
4.5. Samla aktivitet.....	13
5. Konklusjonar.....	15
6. Vedlegg - Spørjeskjema	

1. Innleiing

1.1 Hensikt med medlemsundersøkinga

Målet med undersøkinga var tredelt:

1. Få oversikt over korleis medlemmane responderer på foreininga sine nye medlemstilbod.
2. Innhente bedriftsinformasjon:
Foretaksform, sysselsetting og omsetning
3. Kartlegge aktivitet: Innkjøp av tømmer, uttak frå eigen skog, leigesaging og innkjøp av trelast.

Siste kartlegging av bransjen vart gjennomført i 2003, og ettersom det er registrert endring i medlemsmassen sidan den gong, vedtok styret å gjennomføre ei ny kartlegging. Prosjektet er støtta av Innovasjon Norge, og gjev informasjon om aktivitet i volum, drift (antal årsverk, omsetning) og korleis medlemmane responderer på foreininga sine medlemstilbod. Såleis er kartlegginga viktig både for organisasjonen, samarbeidspartnarar og bransjen.

1.2 Spørjeskjema

Skjemaet inneheldt spørsmål om:

A) Foreininga sine medlemstilbod på:

- Forsikring
- Eigne nettsider til medlemmane
- Elektronisk leveranse av medlemsblad

B) Bedriftsinformasjon:

- Foretaksform
- Antall årsverk
- Antall tilsette
- Lønsumgifter
- Omsetning

C) Aktivitet

- Innkjøp av tømmer
- Uttak frå eigen skog
- Leigesaging
- Innkjøp av trelast

Spørjeskjemaet følgjer som Vedlegg

1.3 Gjennomføring

Medlemsundersøkinga vart gjennomført i tidsrommet mars – november 2016, etter nye vedtak i årsmøtet i februar. Spørjeskjemaet vart sendt elektronisk til medlemmar med e-postadresse, og pr. post til dei andre. Det viste seg vanskeleg å få inn svar, så vi måtte ta ei avgjersle om å følgje opp telefonisk dei mange som ikkje hadde respondert, sjølv om dette var tidkrevjande. Først i oktober 2016 fekk undersøkinga full prioritet i administrasjonen, og har vore hovudoppgåve fram til nyttår.

For å få avslutta undersøkinga med høgast mogeleg svarprosent, vart medlemmar forsøkt kontakta opp til 4 gongar enten via e-post eller telefon/mobilsva. Med ein sær s god svarprosent meiner vi undersøkinga dannar eit solid grunnlag for vidare arbeid.

Mottekne svar vart lagt inn i regneark fylkesvis, og deretter lagt over i ein nasjonal base for samtlege medlemmar.

1.4 Medlemsdeltaking – svarprosent

Spørjeskjemaet vart sendt ut til alle medlemmar med unntak av:

- offentlege etatar
 - utstysleverandørar
 - organisasjonar
 - interessemedlemmar
- } Totalt 17 stk.

237 ordinære medlemmar fekk tilsendt spørjeskjemaet
224 ordinære medlemmar har svart på undersøkinga
13 ordinære medlemmar har ikkje svart


Svarprosent 94,5% av ordinære medlemmar.

2. Resultat spørsmål om dei nye medlemstilboda gjennom Norsk Bygdesagforening

2.1. Forsikring

Foreninga har inngått medlemsavtale med forsikringsselskapet Skogbrand. I undersøkinga vart medlemmane spurde om dei var interesserte i å motta eit forsikringstilbod frå Skogbrand.

Av dei 224 medlemmane som har svart – ønskte 60 medlemstilbodet frå Skogbrand. Dvs. 26,8% av dei spurde. Dei som ikkje ønskte dette tilbodet, hadde allereie forsikring gjennom Skogbrand eller var nøgde med sitt noverande forsikringsselskap.




2.2. Tilbod om utarbeiding av eiga nettside.

Foreninga har innhenta eit medlemstilbod for etablering av eiga nettside til kvar enkelt av medlemmane. Prisen er kroner 3.500 + mva, med ein årleg kostnad på kroner 750 + mva.(2016)

Av dei 224 medlemmane som har svart – ønskte 34 medlemmar tilbod om dette. Dvs. 15,2% av dei spurde.

Ein del av medlemmane har allereie eiga nettside, ca 90 stk. Dei som ikkje ønskte å nytte seg av tilbodet, såg enten ikkje behovet for dette på grunn av nok ordrar eller ikkje ønskte å marknadsføre seg meir.




2.3. Tilbod om medlemsbladet Sagbladet elektronisk eller i papirformat.

Av 224 svar, ønskte 70 Sagbladet elektronisk, dvs. 31,3%. Resterande 154 spurte, ønskjer noverande papirformat.

Ein del av dei sistnemnde uttrykte imidlertid at dersom det vart rimelegare for foreninga å produsere medlemsbladet elektronisk – kunne dei akseptere å gå over til elektronisk format.


Mange blant dei 154 var imidlertid tydelege på at papirformatet var å foretrekke.



3. Resultat bedriftsinformasjon

3.1. Foretaksform

Blant dei 224 medlemmane som har svart i undersøkinga, fordeler foretaksformene seg slik:




3.2. Antal årsverk


Dei 224 medlemmane representerer 328 årsverk på landsbasis, som gir eit gjennomsnitt på 1,5 årsverk pr. bedrift i undersøkinga.

Ei stor bedrift i Hedmark peikar seg ut med heile 82 årsverk. På bakgrunn av dette er det også laga oversikt der denne ikkje er inkludert.

Under er samla årsverk redusert med 82, frå 328 til 246 – og fordelt fylkevis.



Under følger oversikt der storbedrifta i Hedmark er inkludert.



1 fylke har ei sysselsetting på over 30 årsverk (Hedmark 110)

7 fylke har ei sysselsetting på mellom 16-30 årsverk

8 fylke har ei sysselsetting på mellom 6-13 årsverk

2 fylke har sysselsetting under 6 årsverk

3.3. Lønsutgifter

Årsmøtet 2016 i Norsk Bygdesagforening vedtok at medlemskontigenten for framtida skulle differensierast etter lønsutgiftene i bedriftene:

Kategori 1 - mindre enn kr 500.000

Kategori 2 - kr 500.000 – 1000.000

Kategori 3 - over kr 1000.000

Medlemsundersøkinga gjev følgjande kategorieresultat:

Lønsutgifter under kr 500.000 191 bedrifter

Lønsutgifter kr 500.000 – 1.000.000 13 bedrifter


Lønsutgifter over kr 1.000.000 20 bedrifter

3.4. Omsetning

På landsbasis representerer 223 bedrifter (1 bedrift har ikkje oppgitt omsetningstal) ei totalomsetning på kr 539.630.097.


Også når det gjeld omsetning peikar Hedmark seg ut med bakgrunn i tidlegare nemnde bedrift som representerer ei årleg omsetning på 210 mill.

Grafen under viser omsetning fordelt på fylke utan denne bedrifta.



Gjennomsnittleg omsetning landsbasis eks. storbedrift Hedmark (539 mill – 210 mill) - dvs. kr 329.630.097 delt på 222 bedrifter, gir kr 1.484.820 pr. bedrift.


Inkluderer ein omsetning for same bedrift i talmaterialet, får ein følgjande graf pr. fylke - som gir ei gjennomsnittleg omsetning på landsbasis på kr 2.419.866 pr. bedrift.




Gjennomsnittlig omsetning pr bedrift pr fylke

	Eks. storbedrift	Inkl. storbedrift
	Hedmark	Hedmark
Hedmark	3 680 533	16 575 500
Sogn og Fjordane	2 808 056	2 808 056
Hordaland	2 617 188	2 617 188
Oppland	2 431 053	2 431 053
Aust Agder	2 000 000	2 000 000
Akershus	1 601 333	1 601 333
Møre og Romsdal	1 561 786	1 561 786
Vest Agder	1 329 444	1 329 444
Rogaland	1 190 714	1 190 714
Buskerud	1 090 333	1 090 333
Troms	867 500	867 500
Telemark	754 262	754 262
Nord-Trøndelag	729 615	729 615
Sør-Trøndelag	651 667	651 667
Finnmark	650 000	650 000
Vestfold	356 667	356 667
Nordland	284 737	284 737
Østfold	156 000	156 000

Framstilt grafisk eks. storbedrift Hedmark:



Framstilt grafisk inkl. storbedrift Hedmark:



Fordeling omsetningsstorleik bedrifter

Dei 20 største medlemsbedriftene i foreninga har 77,2% av totalomsetninga på 539 mill. Desse har ei omsetning frå 5 – 210. mill.kroner.

58,3 % av medlemmane i undersøkinga har ei omsetning på under kr 500.000, medan 43,9 % av desse igjen har ei omsetning på under kr 50.000. Av deltakande medlemmar i undersøkinga utgjør desse 25,6 %.

Under følgjer antal bedrifter i dei ulike omsetningsgruppene:

Omsetning i mill	Ant. foretak	Prosent av deltakande bedrifter
10.000 - 210.000 mill	10	4,5%
8.000 - 8.999 mill	1	0,5%
7.000 - 7.999 mill	2	0,9%
6.000 - 6.999 mill	4	1,8%
5.000 - 5.999 mill	3	1,3%
4.000 - 4.999 mill	3	1,3%
3.000 - 3.999 mill	7	3,1%
2.000 - 2.999 mill	11	4,9%
1.000 - 1.999 mill	22	9,9%
Mellom 500.000 – 1000.000	30	13,5%
< 500.000	130	58,3%
Sum	223	100,0%
< 50.000 (av gruppa < 500.000)	57	

4. Resultat informasjon om aktivitet

4.1. Innkjøpt tømmer

Innkjøpt tømmer totalt på landsbasis	77 135 m ³	
Antal som kjøper tømmer	121 stk	54%

Gjennomsnittleg innkjøp 637 m³ pr. bedrift (av 121 stk)

4.2. Uttak eigen skog

Hogst frå eigen skog	17 095 m ³	
Antal med uttak frå eigen skog	129 stk	58%

Gjennomsnittleg mengde 133 m³ pr. bedrift (av 129 stk)

4.3. Leigesaging

Leigesaging totalt på landsbasis	22 228 m ³	
Antal som driv med leigesaging	147 stk	66%

Gjennomsnittleg 151 m³ pr. bedrift (av 147 stk)

4.4. Innkjøp m³ ferdig trelast

Totalt innkjøpt trelast	68 743 m ³	
Antal som kjøper inn trelast	62 stk	28%

Gjennomsnitt 1109 m³ pr bedrift (av 62 stk)


Innkjøp m³ ferdig trelast eks. storbedrift Hedmark (25.000m³):

Totalt innkjøpt trelast	43 743 m ³	
Antal som kjøper inn trelast	61 stk	27%


Gjennomsnitt 717 m³

4.5. Samla aktivitet i m3 grafisk - fordelt på aktivitet:

Eks. storbedrift Hedmark



Inkl. storbedrift Hedmark




Reknar ein om innkjøpt trelast til tømmer volum ved å bruke 55% skurutbytte, vil ein finne eit totalt tømmerforbruk på:


Innkjøpt tømmer	77.135 m3
Hogst i egen skog	17.095 m3
Leigesaging	22.228 m3
Ferdig trelast:	
(68.743/0,55)	<u>124.987 m3</u>
Totalt	<u>241.445 m3</u>

Aktivitet fordelt på fylke:

Eks. storbedrift Hedmark



Inkl. storbedrift Hedmark



5. Konklusjonar

1) Hovudtal

1. Bedriftene i medlemsundersøkinga har ei årleg totalomsetning på kr 539 mill. Dette gir ei gjennomsnittleg omsetning pr. medlemsbedrift i undersøkinga på kr 2.419.866.

Ei medlemsbedrift peikar seg ut med høg omsetning på kroner 210 mill – noko som dreg gjennomsnittet opp.

Det er elles verdt å merke seg at 130 bedriftene har ei omsetning på under kr 500.000 – og 57 av desse igjen er under kr 50.000.

2. Aktiviteten omfattar eit totalvolum på 185.201m³, fordelt på innkjøp av tømmer (77.135m³), hogst i eigen skog (17.095m³), leigesaging (22.228m³), innkjøp av ferdig trelast (68.743m³).

Også samla aktivitet er prega av ovannemnde medlemsbedrift som har stort produksjonsvolum.

3. Medlemsbedriftene i undersøkinga bidreg med totalt 328 årsverk på landsbasis, der den store bedrifta åleine bidreg med 82 av desse.

2) Hovudkonklusjon

1. Godt talmateriale.
2. Svært høg svarprosent
3. Viktig kontakt med medlemmane
4. Nyttig, men svært tidkrevjande.
5. Ein har fått svar på mange interne spørsmål, som også er av offentleg interesse: Aktivitet/volum, omsetning, årsverk/tilsette.
6. Godt grunnlag for vidare strategisk arbeid i foreninga.

Det er viktig å merke seg at undersøkinga kun omfattar medlemmar i Norsk Bygdesagforening, og at det finst mange bygdesager i Norge som ikkje er med i talmaterialet.

Vedlegg

Spørjeskjema 2016

namn: _____

Spørjeskjemaet er delt i to deler, den eine går på organisasjonen sine tenester og den andre er ei registrering av bedriftsdata frå medlemsbedriftene (desse blir ikkje oppgitt eller brukt enkeltvis av foreininga, kun innsamla for å ha tal for bransjen).

Ønskjer du tilbod på forsikring gjennom Skogbrand? Ja Nei

Dersom ja:

Behov for opplysninger/informasjon vil være:

- Utfylte skjemaer (vedlagt) eller dagens forsikringsavtale
- Fotografier
 - 2 oversiktsbilder fra tomta
 - Ca 2 bilder utvendig og 2 innvendig fra hver bygning
 - Bilder av de viktigste maskinene – sag og høvel etc
 - Gjerne bilder som viser brannforebygging, pulverapparat, skilting, ryddighet...
- Bilde av arbeidsmaskiner og biler, gjerne der merke og modellnavn framgår

Ønskjer du at vi produserer eiga nettside for deg? 3.500 kr. + årleg 750 kr.

Ja Nei

Kunne du tenkje deg å få Sagbladet elektronisk? Ja Nei

Medlemsbedrift:

Kva selskapsform har di bedrift? _____

(enkeltmannsforetak, AS, BA eller andre)

Kor mange årsverk har bedrifta? _____

Kor mange tilsette? _____ ant.

Kor store er lønnsutgiftene pr. år? _____ kr

Kor stort volum totalt vert saga/høvla/innkjøpt?

Samla tømmerkjøp (i m3 tømmer): _____ m3

Samla bruk av tømmer frå eigen skog: _____ m3

Samla tømmer leigesaging: _____ m3

Innkjøpt trelast (i m3 trelast): _____

Kor stor omsetning har bedrifta di? _____ kr./år

(Bruk siste rekneskapsår, oppgi den delen som går på skog/sag/treforedling om bedrifta driv i kombinasjon med anna). Treng ikkje vere 100% nøyaktig.